

Helse- og omsorgsdepartementet  
Postboks 8011 Dep  
0030 Oslo

Dykkar ref:

Vår ref:  
2014/415 - 3379/2014

Sakshandsamar:  
Ingvill Skogseth 51 96 38 12

Dato:  
19.06.2014

## Høyring - forslag til endringar i forskrift om nasjonalt vaksinasjonsprogram - rotavirus

Vi viser til høyringsdokument frå Helse- og omsorgsdepartementet med forslag om endringar i forskrift om nasjonalt vaksinasjonsprogram. Forslaget til endringsforskrift inneberer at vaksine mot spedbarnsdiaré forårsaka av rotavirus blir inkludert i barnevaksinasjonsprogrammet.

Rotavirusinfeksjonar kan forårsake oppkast og/eller diaré i så uttalt grad at det medfører innlegging i sjukehus. Barn som blir innlagt er sjeldan alvorleg sjuke. Eit unntak kan være barn som har pådratt seg infeksjonar under feriereiser, og som ledd i dette har fått mangelfull behandling.


I høyringsnotatet er det vist til at studiar konkluderer med at vaksinen i svært liten grad gir biverknader.


Helse Bergen har i si tilbakemelding peika på at når ein vurderer innføring av ein slik vaksine, er det viktig å være merksam på at vaksinen i seg sjølv vil kunne føre til ei auking i tilfelle av invaginasjon (ei spesiell form for tarmslyng) dei første 1-7 dagane etter vaksinasjon. Dette er ein tilstand som spesielt i første leveår vil kunne være livstrugande. Talet på invaginasjonar er i ei australsk befolkning rekna til 6/100 000 vaksinerter, altså mellom tre og fire tilfeller årleg dersom heile den norske barnebefolkninga skulle bli vaksinerter (J Paediatr Child Health 2014;50(6): 409).

Helse Vest ser dei positive effektane ved at barna unngår lidningar nytt til infeksjon og dei driftsmessige ulempene for barneavdelingane ved sesong messig utbrot, og fordel for andre alvorleg sjuke barn.

Samla gir vi vår tilslutning, men det er likevel viktig å ha merksemd på dei forholda som Helse Bergen ved Barneklubben peikar på. Vi vil også understreke viktigheten av eit system som følgjer utviklinga, særleg med omsyn til førekomsten av invaginasionar.

Med vennleg helsing

  
Hans K. Stenby  
plansjef

  
Ingvill Skogseth  
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

All elektronisk post til Helse Vest skal sendast til postmottak: [post@helse-vest.no](mailto:post@helse-vest.no)